

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 06.12.2017
SAKSHANDSAMAR: Agnes Landstad
SAKA GJELD: **Vurdering av administrerende direktør og regulering av løn**

ARKIVSAK: 2017/4221
STYRESAK: **099/2017**

STYREMØTE: **15.12.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Administrerende direktør si løn blir regulert opp med x % med verknad frå 26.05.2017.

Oppsummering

Etter Helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerende direktør. Del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet som administrerende direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiar for helseføretaket. Det høyrer til styret å fastsetje løn til administrerende direktør, jf. Helseføretakslova § 36.

Fakta

Styret vedtok revidert styreinstruks og revidert instruks for administrerende direktør i Helse Førde HF i møte 30.04.2015, jf. styresak 026/2015 A. Styreinstruksen omhandlar både styret si eigenevaluering og evaluering av administrerende direktør.

Mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør blei vedteke i styremøte Helse Vest RHF 22.06.2011, jf. sak 079/11 B.

Skjema for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør blir utfylt elektronisk av alle styremedlemmer i Helse Førde HF i forkant av styrebehandlinga. Oppsummeringa blir utdelt i styremøte 15.12.2017.

Kommentarar

Sjølv om saksførelegget i saka ikkje er unntatt offentlegheit, så rår styreleiar til at saka blir handsama i lukka møte. Ein viser til Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd, nr. 2 som mellom anna har til føremål å gi mogelegheit for fortruleg diskusjon i saker der det er reelt og sakleg behov for det.

Vedlegg:

Vedlegget er u. off. jf. Offentlegheitslova § 14 første ledd

Oppsummering – Styret si eigenevaluering og vurdering av administrerende direktør